

R E G U L A
S T E L L A

M A R I S

STELLA MARIS er ei samanslutning av prestar i Møre bispedøme til gjensidig hjelp til å etterfølge den apostoliske formaninga

"*Søk det som er der oppe, der Kristus sit ved Guds høgre hand. Lat hugen dykkar vera vend til det som er der oppe, ikkje til det som er på jorda.*"

Kol. 3,1-2

Difor skal brørne hjelpe kvarandre til:

- * med den nåde Gud gir å be og virke for kyrkjeleg fornying på Skrifta og vedkjenninga sin grunn slik det også kjem til uttrykk i "Erklæring om kirkelig fornyelse av 12. januar 1969",
- * å ta vare på den nådegåva som vart gitt i prestevigslinga og styrke truskapen til ordinasjonslovnadane,

- * etter Guds ord og fermaning å vere trufaste mot kallet i ekteskap og familie,
- * å ordne og styrke andaktslivet.

Medlemene samlast fire gongar årleg. Ei av samlingane skal helst vere retreat. Familiesamlingar vil ein også prøve å få til. Retreatet vil vere ope for andre prestar også.

Ein av medlemene vert vald til leiar for to år om gongen. Leiaren sine oppgåver vil vere å førebu samlingane, halde kontakt med medlemene og styrke samhaldet i gruppa.

"*I Jesu navn skal all vår gjerning skje.*"